



Radøy kommune

Dato: 27.05.2019  
Vår ref.: 2016/10531-44  
Saksbehandlar: rutornh  
Dykkar ref.:

## Oppfølging av Radøy bibliotek som modellbibliotek

I januar 2017 fekk Radøy kommune tilsegn på kr 100 000 til prosjektet «**Modernisering og flytting av biblioteket og utvikling av eigen tenesteprofil for Radøy**», som skildra i søknad av 28. november 2016. Søknaden la til grunn at biblioteket skulle flyttast til eit bygg, som det seinare viste seg at ikkje var aktuelt å nytte til bibliotekføremål. Det vart i staden drøfta at biblioteket skulle flytte inn i rådhuset på Manger i samband med kommunesamanslåinga 01.01.2020.

Fylkesbiblioteket har ved fleire høve drøfta plassering og tenestetilbod i biblioteket med Radøy kommune. I august 2018 førte vi i pennen ein strategiplan for biblioteket i samarbeid med biblioteksjefen i Radøy og biblioteksjefen i Lindås/Meland. Planen er i tråd med prosjektsøknaden, utan at det er tatt stilling til lokalisering av biblioteket. Det har i prosessen vorte sagt frå fylkeskommunen si side, at midlane til Radøy bibliotek var avsett til føremålet.

Vi har i samtale med biblioteksjef Marit Gro Berge i Lindås/Meland blitt merksam på at det no er konkrete planar om at biblioteket på Manger skal flyttast til rådhuset. Fylkesbiblioteket kan i tråd med tildelinga frå 2017, stille arbeidskraft til rådvelde til kvalitetssikring av prosjektet, aktualisering av samlingane og rettleiing undervegs. Vi kan også bidra med å skaffe og dekke kostnadene til interiørarkitekt som er spesialist på innreiing av biblioteklokale.

Før vi involverer oss meir i prosjektet, må vi få stadfesting av kommunal eigenandel med tidsplan.  
**Frist: 1. september 2019.**

Løyvinga blir utbetalt når fylkeskommunen får melding:

- om når tiltaket vert gjennomført
- om vilkår for tildelinga er oppfylt
- om i kva grad tiltaket er med å oppfylle strategiane i planen frå 2018

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovdt  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ruth Ørnholt  
fylkesbiblioteksjef

Kopi: Biblioteksjef Marit Gro Berge  
*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*